



## *Avløypet og Avløysa/Avløysinga – same tanke på to måtar, med dialektflytting?*

*Eldar Heide*

*This article examines the West Norwegian place name Avløypet alongside the West, Mid, and North Norwegian names Avløysa/Avløsa/Avløysinga/Avløysingen, which describe similar types of terrain. These names likely stem from a shared concept, making interpretation simpler. Coastal communities historically observed that many small islets and rocks appear just barely separated from the mainland, leading to place names that reflected this image. In much of Western Norway, the islet was seen as “peeled” (løypt) from the land, while further north, it was viewed as “loosened” (løyst). The distribution of Avløysa in Northern Norway suggests it was borrowed from southern areas in the Early Modern period, likely via fisheries in Lofoten and then Eastern Finnmark. Variants like Avløysinga may have spread with emigrants from northern Western Norway to Troms and Western Finnmark, explaining certain dialect features in these areas.*

### **1 Utbreiing og tidlegare tolkingar**

I denne artikkelen skal eg sjå den vestnorske namnegruppa *Avløypet* i samanheng med den vest- og nordnorske gruppa *Avløysa/Avløsa/Avløysingen/-inga*. Det meiner eg bør gjerast fordi namna blir brukte om same slag terrengformasjon. Når ein ser dei i samanheng, blir tolkinga enklare, og litt historisk sosiolingvistikk kjem til syne.

Til no er desse namnegruppene berre diskuterte kvar for seg, så vidt eg veit. Bratt presenterte i *Namn og nemne* nyleg *Avløypet* med samansetjingar – *Avløypeneset, Avløypvika* osb. (Bratt 2021). Han har skaffa seg oversyn over namna i denne gruppa og kan slå fast at vi finn dei frå Ro-

galand til Nordfjord, med tyngdepunkt i Austevoll (Sunnhordland) og Solund (Ytre Sogn) (Bratt 2021: 15–16).

Tolkingane av *Avløypet* osb. har sprikt svært, viser Bratt (2021: 11–13; forskingshistoria nedanfor er mykje basert på han). Rygh & Olsen seier det «Betyder maaske: et Sted, hvor man lader noget ‘løypa av’ (jfr. løypa Timber, nedstyrte Tømmerstokke; lade et Skib ‘løbe af’ Stabelen)» (Rygh & Olsen 1910: 110, jf. 151; likeins Rygh & Kjær 1919: 219). Til dette innvender Selle:

Tilhøva talar mot ei slik tyding her [i Vestre Bremnes på Bømlo], då det på dei fleste ‘avløypa’ korkje kan ha vore tale om skip eller tømmer. 5 av dei 7 avløypa eg har funne er eit nes eller ei halvøy som er mest avskoren frå land ved eit eid eller ein hals. Berre på eine staden er eidet så lågt at havreksten går mellom i stor flod. På inste enden av avløypet er der eit bratt berg nedmed, ned mot eidet. Sauer kan koma ut på sume av stadene, men aldri storfe. (Selle 1948: 75)

I staden tek Selle utgangspunkt i at «Sams for alle 7 avløypa [i hans materiale] er ‘det bratte berget nedmed’». Derfor meiner han *Avløypet* er:

[...] ei avleiing til gno. hlaup n.: hopp, byks, men og stad der ein hoppar (Heggstad), sml. og nyno. laupa f. ‘avsats, skar i fjeld, hvor et dyr (oftast ved nedsprang), har lett for å hamne fast’ (Torp). Tydinga må vera ein stad der landslaget brått ‘hleyp af’, eller ein stad der ein må byksa (tak for tak) om ein skal koma nedfor. (Selle 1948: 76–77)

Hallaråker sluttar seg til dette, etter å ha notert seg at *Avløypet* blir brukt «om halvøy eller nes som er mest avskore frå land ved eit eid eller ein hals» (Hallaråker 1976: 29). Stautland legg vekt på at dette eidet eller halsen ofte er eit grunt sund, og tolkar *Avløypet* som «ein stad der sjøen renn av», på grunnlag av at gammalnorsk «(h)laupa m.a. tydde m.a. laupa, renna (om vatn)» (Stautland 1976: 100). Bratt sjølv legg seg nær denne tolkinga når han meiner *Avløypet* har vorte brukt «to describe shore areas between the high-water mark and low-water mark» (Bratt 2021: 11, jf. 13 og 18).

På Nord-Vestlandet opp til Sør-Trøndelag og i Nord-Noreg heiter same type landskapsformasjon *Avløysa* og *Avløysinga*, med *-løs-* og *-en* som variantar. Qvigstad & Olsen (1924: 90) seier *Avløysa* «bruges alm. om et Nes

(ogsaa om en Holme), paa hvis anden Side man kommer i mere smult Farvand.» Petersen (1975: 295) seier at «disse holmer og odder [ligger] utenfor landsendene». Myrvang (1981: 68) legg vekt på at det «ofte [...] går eit snarsund, ei småbåtlei el.l. på desse stadene på flo sjø». Skarsvåg (2016) seier at *Avløysa* blir mest brukt «om øyer og skjær som ligg nære land, ei øy eller ein holme. [...] Ofte kan det vera ein trong og grunn val mellom Avløysa og landet, øya eller holmen dei synes skilt ifrå».

Når det gjeld tolking, så meiner Straume at «Avløysa, det var der dei skifta mannskap ved årane» (Straume 1962: 23, note; jf. 21). Det same seier informanten eller nedskrivaren av nes-namnet *Avløysingen* på sørsida av Bremangerlandet i Nordfjord: «Namnet tyder avløysing for dei som rodde». <sup>1</sup> Til dette innvender Myrvang at denne tolkinga ikkje kan forklare kvifor det skulle vera roarskifte akkurat der, og at det høver dårleg på dei stadene han har undersøkt, i Lofoten og Vesterålen. *Avløys-ene* «ligg såpass nær einannan at rorsetappen blir merkeleg kort. Går vi nærmare inn på avløysene andre stader, får vi også vanskar med å få dei til å høve med tenkeleg skyss-inndeling, den tid skyssplikt fanst» (Myrvang 2012: 414).

Qvigstad & Olsen kjem med ei liknande forklaring som Straume: Når ein rundar neset eller holmen som har fått namnet *Avløysa*, så er det gjerne smulare farvatn på andre sida: «Naar man kommer dit, har man Ly og er ‘løst af’» (Qvigstad & Olsen 1924: 90). Dette avviser Petersen:

Denne forklaring virker søkt, selv om det ofte vil være sant at man kan puste lettet ut når man endelig er nådd til et sådant nes eller holme. Og mange steder må da fordringene til «mere smult Farvand» ha vært svært beskjedne. F.eks. har man fra Avløysinga ved Vardø et stykke med farlig strømsjø igjen før man er berget. (Petersen 1975: 295)

Petersen meiner tolkinga av *Avløys*-namna må ta utgangspunkt i at «disse holmer og odder [...] på litt avstand synes helt skilt fra landet innenfor». Ein slik holme ser ut som «en ‘skalk’ av landet», og dermed dreiar *Avløys*-namna seg om å «løse fra» (Petersen 1975: 295–296). Annan stad er Rygh òg inne på at det er slik det heng saman (i drøftinga av gardsnamnet *Avløs* i Bærum, som må ha annan bakgrunn): «Man kunde tænke sig, at

1 <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/placename/5062fbdf-c3bc-e811-810c-001dd8b71c74>.

ved de sidst anførte Navne Forestillingen om Holmen som noget, der løser sig fra Hovedlandet, laa til Grund.» (Rygh 1898: 130) Vassbotn meiner det same; *Avløysa* må tyde «noe som er [...] skilt fra en større enhet» (Vassbotn 1969: 50), likeins Myrvang: «treffande for dei stadene det her er tale om, er [at dei er] ‘(akkurat) laus av land’, ‘(så vidt) frådelt’, jamfør færøysk *loysa* f. ‘revne, spalte’». I ein seinare artikkel føyer han til:

Slik vi no brukar verbet å løyse, må vi ha med objektet, det er som blir løyst. Annleis i gammalnorsk, der «leysir» m.a. heilt enkelt kunne tyde at «(noko) går sund» = går i stykke, løyser seg opp, rivnar osv. Typisk for ei slik avløyse, så vidt kjent, er at ho er landfast på fjæra sjø, men kjem laus av landet (løyest frå landet) på flo, såleis at det oppstår ein opning der det er roande igjennom. Namnet fortel nettopp det. (Myrvang 2012: 415)

Skarsvåg meiner òg *Avløysa* «betyr løyst frå landet eller noko som er skilt ifrå», og føyer til denne observasjonen: «Avløysene har ofte bratte, høge berg på sida mot land eller mot naboøya, mens dei skrår slakt ned mot havflata på den andre sida. Det kan sjå ut som om eit stykke av landet eller øya er skore vertikalt rett av og dregi utover.» (Skarsvåg 2016)

Søk på norgeskart.no kombinert med liste frå Sentralt stadnamnregister (7. mars 2023) og Stadnamn i Nordland<sup>2</sup> viser at *Avløysa/Avløsa/Avløysingen/-inga* er vanleg frå Vestfjorden til Nord-Varanger.<sup>3</sup> Sørgrensa for dette området går i Salten, med to *Avløysa* i Givær vest for Bodø og eitt på nordsida av Sandhornøya sør for Bodø.

Supplerer vi med søk i det felles stadnamnarkivet for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal,<sup>4</sup> så får vi i tillegg ein del treff på Nord-Vestlandet og inn i Trøndelag.

2 <https://www.statsforvalteren.no/nordland/plan-og-bygg/arealforvaltning/stadnamn-i-nordland/>.

3 *Avløysa* sør for Sortland i Vesterålen ser på kartet ut som ei langgrunn vik utan holme eller klubb i nærleiken. Namnet er merkt som «Vik i sjø» på norgeskart.no. Dette er feil, fekk eg opplyst av Sigrid Elvenes 07.03.2023; ho er frå staden. *Avløysa*, seier ho, er ein steinbanke som for det meste er synleg og som blir landfast på spesielt stor fjøre, men er overflødd på stor flo. Denne banken ligg nærare osen av Elveneselva enn namnet er plassert på kartet.

4 <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/>.

Sør i dette området er det *Avløysinga* vi finn, med seks lokalitetar frå sørsida av Bremangerlandet til like nord om Stad.<sup>5</sup> Nord for dette finn vi *Avløysa*: I Herøy på Sunnmøre *Avløysene* (pl., det er ein lang holme med to haugar på), sørvest for Hjellberget på Smøla *Avløysa/Vassavløysa* (ei holmeklynge), og på Frøya *Avløysa(n)* 15–20 stader<sup>6</sup> (med mange samansetjingar som *Gavvelavløysa*, *Bukkøyavløysa*, *Hestøyavløysa*, osv.). I Aure, like innanfor Smøla, finn vi òg ein stad som heiter *Avløysa*, likeins på Hitra. I materialet Eli Ellingsve nyleg har samla på Frøya, finn eg endå 10 *Avløysa* med variantar, heilt opp til Sørburøya i Froan, øygruppa som strekker seg nordover utanfor Fosenhalvøya.<sup>7</sup>

Så viser det seg at «Dialektuttalen [av *Avløysa*] er Avlessa» i (mykje av?) dette området (Skarsvåg 2016; dette seier Rygh (1898: 130) òg, men med uklår heimfesting). Då får eg opp fem stader til langs sjøen rundt Hitra, *Avlesa*, *Avlessa* (dessutan *Avlesholmen* sør for Harstad).

Hordanamn (<http://hordanamn.uib.no/>) gjev eitt treff på *Avløysinga* i Os kommune sør for Bergen, inne i Vargavågen. Dette står isolert geografisk, medan *Avløysaren*, som det heiter to stader i Indre Fure på sørsida av Stadlandet, står isolert språkleg. Tilfellet like aust for Indre Fure er topografisk på linje med *Avløysa* og *Avløysinga*. I namnesamlinga står det som namn på ein «Tange», og den tangen er ein holme som er brei og så vidt heng fast i land med ein hals.<sup>8</sup> *Avløysaren* midt i Indre Fure har merknaden: «Stein som ein kan gå bort på, men ein kan ikkje kome seg derfrå».<sup>9</sup> Dette høver topografisk med mange stader som heiter *Avløysa*, *Avløysinga* osv., dels fordi dei ofte er høgre på innsida av eidet, slik at ein berre kan hoppe eine vegen, dels fordi mange av desse eida blir overflødde. Då kan ein gå ut på holmen på fjøre sjø, men ikkje inn att om ein dryger for lenge. Fordi stadene som heiter *Avløysaren* høver så godt topografisk, tolkar eg

5 Avløysingen på innersida av Bremangerlandet står som «Grunne i sjø» i lista på norgeskart.no, men er plassert inne på land i ei vik. Kan det vera feilplassert på kartet?

6 Eg ser ikkje så lett av lista frå Sentralt stadnamnregister kva som er ulike stader når namnet er det same, *Avløysa*.

7 <https://www.edd.uio.no/navneregistrering/aapen/hovedside.html?MpynZPeJSdtszLJNSgJQ>.

8 [https://www.fylkesatlas.no/stadnamn\\_alle?zoompoint=-11228,6924409,32633,13&zoompoint=-11228,6924409,32633,13](https://www.fylkesatlas.no/stadnamn_alle?zoompoint=-11228,6924409,32633,13&zoompoint=-11228,6924409,32633,13).

9 <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/placename/66bc02e0-c3bc-e811-810c-001dd8b71c74>.

dei som variantar av *Avløysa*, *Avløysinga*, kanskje folkeetymologisk endra.<sup>10</sup>

## 2 Mitt forslag til tolking

*Avløyp-* og *Avløys-* er altså namn på same slag landskapsformasjon. Det dreiar seg i begge tilfella om holmar og klubbar som berre så vidt er skilde frå landet innanfor, slik at ein så vidt kan ro der (eventuelt berre på flo sjø) eller som *mesta* er skilde frå landet innanfor av eit skard eller eid. På litt avstand vil dette gå ut på eitt; synsinntrykket blir det same. På grunn av dette, og fordi det er mogeleg å sjå same eller liknande tanke bak både *Avløys-* og *Avløyp-* (som vi snart skal sjå), meiner eg det er rimeleg å sjå dei to namnetypane i samanheng. Det har ingen gjort til no, så vidt eg veit. Bratt nemner ikkje *Avløys-*. Sandnes og Stemshaug (1997: 81–82) drøftar *Avløysa/Avløysingen* og *Avløypet* i to artiklar på rad (ein om *Avlør* i Bærum), utan å setja dei i samanheng.

Men ser vi *Avløys-* og *Avløyp-* i samanheng, så blir etter mitt syn tolkinga av namna enklare. Nokre tolkingar fell bort når vi ser gruppene i samanheng:

- At det skal dreie seg om avløysing ved årane eller under segling i hardt vêr, er mogeleg berre når vi tolkar *Avløys-* isolert.<sup>11</sup> Den tolkinga gjev ikkje meining for *Avløyp-*.
- Avløp/avrenning ut tørrfallsundet, eller løyping av tømmer, eller løyping/lauping = hopping, er mogeleg berre dersom vi ser *Avløyp-* isolert. Den tolkinga gjev ikkje meining for *Avløys-*.

Dette utelukkar samtidig at terrengformasjonen namna siktar til, er bratt-henget som vi ofte finn ned mot eidet/skardet (den ideen var kopla til ideen om tømmerløyping og hopping), eller tørrfallsundet sett som avløp.

Den siste ideen må avvisast også av den grunn at det i svært mange av tilfella ikkje er tørrfall mellom holmen/klubben og landet innanfor. I

10 Eg har ikkje funne *\*Afløys*-namn på kysten av Island i <https://ornefnasja.lmi.is/map-view/>. Det er heller ikkje mykje av Islands-kysten som er øyrik.

11 Dette blir motsagt også av at *Avløys*-stadene ofte ligg utanfor nes, der det er meir uroleg sjø enn elles. Der er det ikkje naturleg å løyse av under roing; *det* gjer ein heller der det er smulare.

nokre tilfelle er det høgt land imellom. Det gjeld m.a. på Loppa i Vest-Finnmark, der Fjellavløysingen (han er så stor at det er eit heilt lite fjell) er skild frå resten av Loppa av eit 10 m høgt eid. På Sommarøya utanfor Tromsø er hovden som står som *Avløsa/Avløys/Avløsen* (sic) på norgeskart.no, skild frå resten av øya av eit skard som har botn 50 m over havet. Men begge stadene ligg slik til at når ein ser dei frå leia langt unna eller frå fiskeplassane, vil jordkrumminga gjera at også desse Avløys-ene ser ut som dei er skilde frå hovudøya.<sup>12</sup>

Når vi ser *Avløyp-* og *Avløys-* i samanheng, meiner eg det blir vanskeleg å tvile på korleis desse namna skal tolkast. Det blir: ‘holmen/neset/klubben som så vidt er (eller ser ut til å vera) skild frå landet’, nemleg fastlandet eller ei større øy – slik mange har meint når det gjeld *Avløys-*, der denne tydinga ligg mesta i dagen og har støtte i færøysk «*loysa* f. ‘revne, spalte’», slik Myrvang peikar på.<sup>13</sup>

Men korleis kan *Avløyp-* uttrykke same tanken? Eg føreslår at den «skalk[en]» (Petersen) attmed land som det er snakk om, det «stykke[t] av landet eller øya [som] er skore vertikalt rett av» (Skarsvåg), er liksom *løypt av landet*, slik nevra blir *løypt* av trestammen om våren (*Norsk Ordbok* VII: 936: «flekka, riva av, løysa (bork) frå trestamme»). Ein parallell til dette finn eg i steinarbeidsterminologi. Å *løype av* eller *frå* kan vera å «sprengja, hogga ut (stein) frå berg [...] *kvernsteinane* (vart) *løypte frå berget* [...] / *løypa av sprengja laus ei kleberblokk*» (*Norsk Ordbok* VII: 936).

Det ser ut til at folk over eit stort område i gammal tid har festa seg ved at mange holmar og klubbar ser ut som dei så vidt er skilde frå landet innanfor, og forma om denne observasjonen i stadnamn (via no tapte appellativ eller direkte frå verbfrasen), men har realisert tanken språkleg på to måtar: På storparten av Vestlandet har ein uttrykt det slik at holmen eller klubben er *løypt* av landet, og i eit tilgrensande område nord for dette har ein uttrykt det slik at han er *løyst* av landet. For Vestlandet sett under

12 Wangsvik seier: «I Skrova er Avløysinga navnet på ei lita bukt, så betydningen om noe som er ‘løyst frå landet’ stemmer ikke med terrenget her» (Wangsvik 1998: 48). Men på sørsida av denne bukta er det ein «skalk» mot sjøen, skild frå berget innanfor (Brennhaugen) av ei kløft (som heiter *Kløvan*). Eg finn det rimeleg at denne «skalken» er den opphavlege namneberaren, sjølv om botnen av kløfta ligg 12 m over havet.

13 Eg går ut frå at det er *loysa* «split, crack in stone», frå Young & Clewer (1985: 363), han har i tankane.

eitt er desse to komplementært fordelte, med grense mellom dei sør for Bremangerlandet. Unntaket frå dette er *Avløysinga* i Os sør for Bergen.

Namneparet *Avløypet* : *Avløysa/Avløysinga* blir ein parallell til *Baklia* : *Baksi(da)*, som mange stader blir brukt om skuggesida av ein dal eller ein gard som ligg der.<sup>14</sup>

### 3 Har *Avløys*-namna i nord kome pga. innflytting?

Resten av den regionale fordelinga må òg kommenterast. Eg går ut frå at det tilgjengelege materialet nokolunde stemmer med faktisk namnetradisjon. Forma som møter *Avløypet* sør for Bremangerlandet, er *Avløysinga* (med varianten *Avløysaren*), som vi finn derifrå til like framom Stad. Lenger oppe på Sunnmøre tek *Avløysa* over. Der er det berre notert eitt døme, men så blir det svært tett når vi kjem til Smøla–Hitra–Frøya. Så er det eit kjempelangt opperom, før vi finn både *Avløysa* og *Avløysinga* med variantar i eit svært, nordleg nordnorsk område.

Likevel er det regionale tendensar der òg. *Avløysa* finn vi nordpå i Salten–Lofoten–Vesterålen (medrekna *Trollavløysa* og *Nordavløysa* ved Meløyvær i Andfjorden), og så ved Nordkapp, utanfor Mehamn og ved Vardø. *Avløysinga* med variantar finn vi nordpå særleg mellom desse to områda.

Kan den nordnorske *Avløys*-tradisjonen ha kome sørfrå med fiskarar og tilflyttarar? Der vi særleg finn *Avløysa* nordpå, er grovt sett der dei store sesongfiskeria var: det vi kjenner som lofotfisket, som òg gjekk føre seg i tilgrensande område, og vårfisket på Finnmarka. Det er godt kjent at det i ein hundreårsperiode frå like etter 1800 kom mange fiskarar til lofotfisket frå Trøndelag, særleg frå Fosenhalvøya og dei ytre bygdene ved Trondheimsfjorden (Bjorgan 1931: 4–5). Dette er det Johan Bojer har skildra så godt i *Den siste viking* (Bojer 1921). Nordpå vart trønderane

14 Dette kan samanliknast med at vi i Norden frå gammalt av har to ord for ‘reiskap til å opne lås med’, nemleg *lykill* i vest og *nykil(l)* i aust (oversyn hos Brøndum-Nielsen 1971–75). Det er vanleg å sjå det slik at *n*-forma er danna med (fjern)dissimilasjon (t.d. Bjorvand & Lindeman 2019: 760). Men det skulle òg vera mogeleg å sjå det slik at dei to uttrykker same tanken ut frå danningar til ulike røter. *Lykill* er danna til den germanske rota \**luk-*, indoeuropeisk \**leug-*, ‘å bøye’ (Pokorny 1959: 685; Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 581). *Nykil(l)* burde kunne vera danna til den germanske rota \**hnuk* ‘å bøye’ slik som *nokke* ‘krok av ulike slag’ (Torp 1919: 460; Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: 351). Den førromerske nøkkelen var ein krok som ein krøkte opp låsen med.



gjerne kalla *staværingar*, fordi spesielt mange av dei var frå Stadsbygda inne i Trondheimsfjorden. Men det var òg folk frå Hitra/Frøya blant dei (sjå t.d. Foss 1984: 29–30). Det er vel heller ikkje urimeleg å tru at mangelen på dokumenterte *Avløys*-namn langs Fosenhalvøya, i skarp kontrast til den ovmengda av slike som vi finn berre 20–30 km unna på Hitra og Frøya, kan koma av mindre innsamling langs Fosenhalvøya. Kor som er, meiner eg det er naturleg å spørja: Kan staværingane (i utvida meining) ha hatt med seg til Lofoten med tilgrensande strok skikken med å kalle holmar og klubbar som er eller ser ut til å vera så vidt lause av landet, for *avløyser*?

Lofoten var samlingsstad for fiskarar frå nord og sør, to månader kvar vinter, i hundrevis av år. Det er kjent at mange ord og ordformer er spreidde gjennom desse årlege samlingane. Modéer (1953: 124–134) reknar opp 15–20 ord og ordformer som han meiner er spreidde på den måten. Han kallar dei lofotord (ibid: 125). Forma hau av høfuð kan òg sjå ut til å ha kome til Lofoten og tilgrensande strok frå Trøndelag med fiskarar derifrå (i dette området og nord for det heitte det frå gammalt av hovve, sør for det høv; sjå Heide 2002). Hoff føreslår at apokopen i Nordland er lånt frå Trøndelag i samband med lofotfisket (Hoff 1981: 240); han er sterkast i Lofoten og tilgrensande distrikt (Søre Vesterålen og Salten). Dette svarar godt til det søre av dei to områda der vi finn *Avløysa* i nord.

Samtidig er det vanleg syn at visse målmerke i Nord-Troms og søre Vest-Finnmark kjem av innvandring frå Nord-Vestlandet i tidleg nytid. Det dreiar seg særleg om *e*-målet der – altså at det der heiter *å lage ei ause*, mot *å lage ei ausa* nord og sør for dette området – og ein del etterleddstrykk: *kaffekópp*. Dette stemmer med at skattelister og kyrkjebøker viser at det var stor innflytting frå Nord-Vestlandet til dette området på 15–1600-talet (Elstad 1982: 64–67). Kan desse innflyttarane ha hatt med seg til dette området den nordvestlandske skikken med å kalle dei nemnde holmane og klubbane for *avløysingar*?

Dette siste forslaget burde vera uproblematisk. Rett nok finn vi *Avløysing*-namna i eit større område (båe mot sør og nord[aust]) enn *e*-målet dekkjer, men *e*-målet oppstod vel i det området der det var *størst* innflytting frå Nord-Vestlandet.

Mot det fyrste forslaget kan ein meir grunnleggjande innvende at dersom staværingane ikkje tok til å koma til Lofoten før like etter 1800, så

er det under 100 år før Rygh (1898: 130) drøftar namnet, og då var det tydelegvis vanleg. Det verkar ikkje rimeleg at ein innlånt *Avløys*-skikk frå Sør-Trøndelag skal ha etablert seg så fort. Dersom den nordnorske apokopen kom frå Trøndelag, slik mange meiner, så må påverknaden til det òg ha kome før 1800.

Det burde det ikkje vera noko i vegen for, sidan det truleg er fanga dårleg opp i kjeldene kva fiskarbøndene dreiv med. Vi har nokre haldepunkt for å tru at det var ein god del trafikk frå Trøndelagskysten til Lofoten med omland også før 1800. Vi veit at fiskarar frå Namdalen fór på lofotfisket så tidleg som på slutten av 1500-talet (Sandnes 1965: 318), og i *Den norske dalevise* seier Petter Dass noko som tyder på at også fiskarar lenger sørfrå søkte nordover på hans tid, altså på 1600-talet. Dass fortel at dei nordnorske innlandsbøndene sel båtar og tilfar (alt det lause av tre som høyrer båten til) «oc andet sligt, / som er brugeligt / I Søleeners stict / Sælger dem til Smellen, / Varfellen / Blir betalt med Fisken paa Giellen» (Dass 1980: 9). *Smellen* «skal [...] være en Benævnelse paa de Fremmede som besøge Fiskeriet i Nordland og Finmarken» (Aasen 1873: 712; jf. stadnamnet *Smellror* sør for Vardø, parallelt til t.d. *Finnroran* ytst i Porsangen, på vestsida). *Varfellen* skal koma av gammalnorsk *vårferill* m. 'vårfarar', som er brukt i Aslak Bolts jordebok frå 1400-talet om tilreisande fiskarar på Træna, rimelegvis helst på vårfisket (Aslak Bolts jordebok: 149 A: *af varfellom*). *Smellen* har ikkje noka avgrensing til våren. *Søleeners stict* er Romsdalen, Nordmøre, Fosen og Namdalen (Seip 1980: 275), som høver fint med konsentrasjonen av *Avløysa* i området Smøla–Hitra–Frøya med fjordbygdene på fastlandet innanfor. Det Dass seier, tyder på at det i Nord-Noreg på 1600-talet var tilreisande fiskarar frå dei distrikta.

Dersom det held vatn, det eg føreslår om *Avløysa* i Lofoten med tilgrensande strok, blir neste spørsmål korleis *Avløysa* i Aust-Finnmark kan forklarast. Eg kjenner ikkje til at så mange staværingar fór heilt dit. Men kanskje kan forklaringa vera at mange fiskarar frå Salten–Lofoten–Vesterrålen fór dit på vårfisket. Generelt fór mange dit direkte frå lofotfisket når det var over, også folk som budde i Lofoten (sjå t.d. Solstad 2007: 143).

Er det eg føreslår rimeleg i høve til det vi veit om korleis namn og namneskikk spreier seg? Det meiner eg. Forslaget skil seg prinsipielt lite frå andre tilfelle der folk som flytter på seg, tek med seg språket sitt. Såleis er det ei kjend sak at dølane som flytte nordover til Indre Troms, etablerte

ikkje berre dølemål i dette området, men òg namn og namneskikk (sjå Myre 1934). Eit døme er namnet *Rusta* (av *rust* f. ‘liten skog, lund’), som er vanleg i Austlands-dalane og på Vestlandet nord til Nordfjord, men nord for dette berre kjent i Målselv, så vidt eg veit.

I prinsippet same sak er òg det at skandinavane i vikingtida tok med seg namneskikk til nybygdene i vest der det budde folk frå før, slik at den fekk innpass der. Nokre døme: Gammalnordisk *sker* ‘skjer, høgtliggjande grunne’, *gjá* ‘kløft’ og *boði* ‘bøde, skjer’ vart produktive i gælisk, som *sgeir(r)*, *geodha* og *bodha/bogha*,<sup>15</sup> og finst i mange stadnamn på kysten av Skottland (sjå t.d. Fraser 1978). Eit døme med samansett namn er \**Ór-fyrisey*, der \**órfyri* er danna til *fjara* ‘fjøre’ og skal tyde «tørrlegging ved fjøre sjø av store sandstrekningar som elles er overflødd» (Sandnes & Stemshaug 1997: 341). Dette namnet finn vi på Norskekysten i dag som *Offersøya* minst fem stader frå Hitra og nordover, og som *Oronsay*, *Ora-saigh* o.l., rundt 30 gonger på vestkysten av Skottland (Nicolaisen 1979–80: 119–120). Det er store tørrfallfjører rundt alle desse øyane.

Etablering av ein nordvestlandsk namnetype *Avløysinga* i Nord-Troms og Vest-Finnmark pga. innflytting frå Nord-Vestlandet burde vera nokså parallelt til korleis dei nemnde namna har etablert seg i Skottland. Innføring av ein namnetype *Avløysa* frå Nordmøre og Sør-Trøndelag kan ein meine er meir problematisk, fordi vi frå det området mest kjenner til sesongtilflytting. Men den innvendinga rårar i så fall òg forslaget om at den nordnorske apokopen oppstod gjennom påverknad frå Trøndelag, som ikkje har møtt særleg med motførestillingar, så vidt eg veit.

Løysinga kan vera at ein heil del av sesongfiskarane slo seg ned i Lototen, i tillegg til vanleg tilflytting. Mellom anna frå 1500-talet er det kjent stor tilflytting til denne regionen (sjå t.d. Arntzen 2011: 37).

#### 4 Avslutning

For den som fer langs kysten med eit cruiseskip som Hurtigruta i dag, er dei fleste berarane av *Avløys-* og *Avløyp-*namna direkte anonyme. Likevel gjev desse namnetypane eit interessant blick inn i korleis folk langs kysten har opplevd landskapet, og korleis dei har tenkt når ein observasjon skulle formast språkleg. Dei som ferdast dagleg i det same kystlandskapet, i båt

15 Takk til Peder Gammeltoft for tips om gælisk.

med lågt fribord, har tydelegvis festa seg ved desse bergskalkane som ser ut til å vera skorne laus frå landet innanfor. Det ser ut til at folk i ulike landsdelar har observert dette uavhengig, og så uttrykt tanken på litt ulike måtar, også uavhengig: Dei har sagt både at bergskalkane er *løypte av landet*, og at dei er *løyste av landet*.

Den siste måten å uttrykke dette på, ser i tillegg ut til å ha slått an og spreidd seg over store avstandar – som ein klesmote eller eit moteord. Dette kan minne oss på at namnegransking òg er sosiolingvistikk. Held forslaget mitt vatn, så kan vi kanskje tenkje oss at også *Avløypet* hadde spreidd seg nordover dersom sildekjøpinga frå Sørvestlandet hadde kome i gang nordpå 100 år tidlegare?<sup>16</sup>

### Nemnd litteratur:

- Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog*. Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog. Christiania: Malling.
- Arntzen, Kjetil Rørtveit. 2011. *Lofoten 1500–1800. Knapeadelen på Moskenes*. Moskenes: Kjetil Rørtveit Arntzen.
- Ásgeir Blöndal Magnússon. 1989. *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans.
- Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman. 2019. *Våre arveord*. 3. utg. Oslo: Novus forlag.
- Bjorgan, Anders. 1931. *Lofotdrifta frå Trøndelag. Ei hundreårs saga*. Nidaros: Lyng.
- Bojer, Johan. 1921. *Den siste viking*. Kristiania: Gyldendal.
- Bratt, Jesse. 2021. Terrengordet avløype. *Namn og nemne* 38: 11–19.
- Brøndum-Nielsen, Johannes. 1971–75. Problemet *lykill – nykill*. *Acta Philologica Scandinavica* 29–30: 164–167.
- Dass, Petter. 1980. *Petter Dass. Viser og rim*. Utg. ved Didrik Arup Seip. Oslo: Aschehoug.
- Elstad, Kåre. 1982. Nordnorske dialektar. I *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*, red. av Tove Bull & Kjellaug Jetne, 9–100. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Foss, Johan G. 1984. *Trøndelags-kysten gjennom tidene fram til 1900*.

16 Takk til Peder Gammeltoft og Eli Ellingsve for tips om søk i digitale basar og til Aud-Kirsti Pedersen for lister frå Sentralt stadnamnregister.

- Elevhefte for grunnskolen*. Trondheim: Fiskerisjefen i Trøndelag.
- Fraser, A.I. 1978. Norse and Gaelic Coastal Terminology in the Western Isles. *Northern Studies* 11: 3–16.
- Hallaråker, Peter. 1976. *Skjergardsnamn frå Bremnes*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Heide, Eldar. 2002. Nordnorsk *hau* ‘hovud’ lånt frå Trøndelag? *Håloygminne*: 113–134.
- Hoff, Ingeborg. 1981. Short survey of the dialects of North Norway. I *Opphav og samband. Utgreiingar om norske målføre*. Heidersskrift til Ingeborg Hoff på 70-årsdagen, red. av Olav T. Beito, Arnold Dalen & Hallvard Magerøy, 229–253. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aslak Bolts jordebok*, utg. av Jon Gunnar Jørgensen. Oslo: Riksarkivet, 1997.
- Modéer, Ivar. 1953. *Norska ordstudier*. Uppsala: A.-B. Lundequistska bokhandeln.
- Myre, Guri. 1934. *Stedsnavn i Øverbygd Anneks sogn i Målselv Prestegjeld*. Upublisert hovedoppgave i norsk, Universitet i Oslo.
- Myrvang, Finn. 1981. *I havsauga. Andøya i stadnamn og kysttradisjon*. A. Værøy: Andøya kulturstyre – Lofotboka.
- Myrvang, Finn 2012. Avløysa og Brokløysa. *Håloygminne*: 414–416.
- Nicolaisen, W. F. H. 1979–80: Early Scandinavian Naming in the Western and Northern Isles. *Northern Scotland* III: 105–22.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. 1966–2016. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Petersen, Karl. 1975. Avløysingen. *Håloygminne* 14: 294–296.
- Pokorny, Julius. 1959. *Indogermanisches etymologisches Wörterbuch*. Bern: Francke.
- Qvigstad, Just & Magnus Olsen. 1924. *Norske Gaardnavne 18. Finmarkens Amt, Tillægsbind*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Oluf. 1898. *Norske Gaardnavne 2. Akershus Amt*. Kristiania: I kommission hos Cammermeyers Boghandel.
- Rygh, Oluf & Magnus Olsen. 1910. *Norske Gaardnavne 11. Søndre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Oluf & Albert Kjær. 1919. *Norske Gaardnavne 12. Nordre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandnes, Jørn. 1965. *Namdalens historie til år 1600*. Namsos: Namdal Historielag.

- Sandnes, Jørn & Ola Stemshaug. 1997. *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Seip, Didrik Arup. 1980. *Petter Dass. Viser og rim*. Utgåve med kommentarer. Oslo: Aschehoug.
- Selle, Ole Andreas. 1948. *Stadnamn frå eit øyrike (Vestre Bremnes)*. Upublisert hovudfagsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Skarsvåg, Sølvi. 2016. Våre stedsnavn. Avløyssa. *Hitra-Frøya* 20.05.2016: 27.
- Solstad, Gudmund. 2007. *Høvedsmann og bestefar. Fiskerbonde på Fredvang i Lofoten*. Fosnavåg: Eget forlag.
- Stautland, Harald. 1976. *Opplysningar til Stadnamn frå Sagvåg*. Upublisert hovudfagsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Straume, Rolf. 1962. *Bø bygdebok I*. Tromsø: Bø kommune.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: Aschehoug.
- Vassbotn, Johan. 1969. *Stedsnavn fra sjøen i Øksnes (Nordland)*. Utrykt hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Wangsvik, Gunn. 1998. Stedsnavn fra Skrova. I *Skrova i tekst og bilder*, 35–53. Skrova: UL Vestfjord.
- Young, G.V.C. & Cynthia R. Clewer. 1985. *Føroysk-ensk orðabók = Faroese-English dictionary*. Peel: Mansk-Svenska Publishing.